

# Planprogram

*Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet*



# INNHALD

1	INNLEIING .....	3
1.1	Kva er ein kommunedelplan ? .....	3
1.2	Planprogram .....	3
1.3	Bakgrunn for planen .....	4
1.4	Formål med planarbeidet .....	5
2	RAMMER OG FØRINGAR .....	6
2.1	Nasjonale føringar .....	6
2.2	Regionale føringar .....	6
2.3	Kommunale føringar .....	7
3	PLANPROSESS .....	10
3.1	Organisering .....	10
3.2	Medverknad .....	10
3.3	Framdriftsplan .....	11
4	FOKUS .....	11

## 1 INNLEIING

### 1.1 Kva er ein kommunedelplan ?

Om kommuneplan i plan- og bygningslova, § 11-1:

*“Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.*

*Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.*

*Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder. “*

### 1.2 Planprogram

For alle kommuneplanar skal det utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet.

Om planprogram i plan- og bygningslova, § 4-1:

*«Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsling av planoppstart.»*

Planprogrammet si hovudoppgåve er å tydeleggjere kva som skal handsamast i kommuneplanen, avklare kva tema kommuneplanen skal konsentrere seg om og å synleggjere kva kunnskap som er naudsynt for avgjerd om plan. Det er viktig å legge til rette for ein open medverknadsprosess, og sikre god politisk forankring av planen slik at den kan bli eit styrande politisk dokument.

Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggst ut til offentleg ettersyn. Planprogrammet skal fastsettast av kommunestyret.

### 1.3 Bakgrunn for planen

I 2018 starta Hornindal og Volda kommunar på eit felles planprogram med tanke på at kommunane skulle slåast saman 1.1.2020. Planarbeidet vart ikkje slutført.

Dei to kommunane har kvar sine kommunedelplanar for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv:

Hornindal kommune

Gjeldande kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015-2018 vart godkjent av Hornindal kommunestyre i 2015.

Planen har fem vedlegg:

- Handlingsplan – ordinære anlegg 2015-2018
- Handlingsplan – nærmiljøanlegg 2015-2018
- Handlingsplan – friluftstiltak 2015-2018
- Liste – uprioriterte anlegg
- Anleggsregister – Hornindal kommune

Handlingsprogrammet har vorte rullert årleg.

Volda kommune

Gjeldande kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2014-2018 vart vedteken i kommunestyret i 2014.

Planen har to vedlegg:

- Handlingsprogram 2014-2018
- Retningsliner for merking og skilting i natur og friluftsområde i Volda kommune

Handlingsprogrammet har vore gjenstand for årleg rullering.

Volda kommunestyre vedtok 10.2.21 kommunal planstrategi for 2020-2024. I planen er arbeidet med utarbeiding av ny kommunedelplan gitt prioritet. Ferdigstilling var sett til 2021.

#### 1.4 Formål med planarbeidet

Mål for arbeidet er å utarbeide ein kommunedelplan (KDP) for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø for heile Volda kommune. Planen skal utarbeidast og handsamast etter reglane i plan- og bygningslova.

Kommunen sin visjon, mål og strategiar for idretts- og friluftslivspolitikkk skal gå tydeleg fram i kommunedelplanen.

Planen skal gi ei oppdatert oversikt over anlegg og vere eit styringsverktøy for å nå kommunen sine mål på feltet.

## 2 RAMMER OG FØRINGAR

Jamfør plan- og bygningslova § 1.1 skal planlegging bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver. Dette kapittelet inneheld nokre av dei viktigaste føringane for planarbeidet.

### 2.1 Nasjonale føringar

Mål og rammer for den nasjonale politikken blir formidla gjennom stortingsmeldingar, rikpolitiske retningslinjer, rundskriv, bestemmelsar for tilskotsordningar m.m.

- Stortingsmelding om idrett (Meld. St. 26 2011-2012): [«Den norske idrettsmodellen»](#) sin visjon er idrett og fysisk aktivitet for alle
- Stortingsmelding om friluftsliv (Meld. St. 18 2015-2016): [«Friluftsliv - Natur som kjelde til helse og livskvalitet»](#)
- Stortingsmelding 15 (2017-2018). [Leve hele livet](#)
- Stortingsmelding 10 (2018-2019): [«Frivilligheita - sterk, sjølvstendig, mangfaldig»](#)
- Stortingsmelding 15 (2022-2023) Folkehelsemeldinga: [«Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar»](#)
- [Nasjonale forventningar til regionale og kommunal planlegging](#)
- [FN sin barnekonvensjon](#)
- [Fritidserklæringa](#)
- [Sammen om aktive liv. Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029](#)
- [Rettleiar. Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet \(2014\)](#)
- [Rettleiar. Universell utforming i planlegging](#)
- [Handlingsplan for friluftsliv. Natur som kjelde til helse og livskvalitet \(2018\)](#)
- [Sammen om aktive liv. Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029](#)
- [Regjeringa sin idrettsstrategi. Sterkere tilbake - en mer inkluderende idrett](#)

Staten har følgjande verkemiddel for å stimulere til utvikling av idrett og fysisk aktivitet, herunder friluftsliv:

- Spelemidler
- Midlar til friluftsliv
- Miljøtiltak i landbruket
- Statleg sikring av friluftsområder

### 2.2 Regionale føringar

Møre og Romsdal fylkeskommune har fleire regionale planar og dokument som legg føringar for arbeidet.

- [Regional planstrategi Møre og Romsdal \(2020-2024\)](#)
- [Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021-2024](#)

## 2.3 Kommunale føringar

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for Volda kommune sine planar. Volda er ein aktiv kommune i folkehelsearbeid. Målretta folkehelsearbeid gjennom mange år har truleg samanheng med at Volda gjer det godt på fleire folkehelsebarometer. Volda kommune skal ha eit «friskt-fokus» og meistringsperspektiv i alt vi gjer.

### Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034

Kommuneplanen sin samfunnsdel byggjer på FN sine 17 berekraftsmål, og tek utgangspunkt i fire hovudtema: Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn, Livskvalitet og meistring, Grøn omstilling og Organisasjonsutvikling.

Under er det opplista nokre av målsetjingane i samfunnsdelen som har tilknytning til kommunedelplan for idrett og friluftsliv.

Hovudtema	Målsetjing
Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn	<ul style="list-style-type: none"><li>• Volda sentrum som hovudsenter skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for handel, busetting, besøk og aktivitet</li><li>• Vi utviklar kommunen til ein sær eigen reiselivsdestinasjon, bygd på identitet, natur og autentiske opplevingar</li><li>• Gjennom samskaping og samarbeid legg vi til rette for kulturliv, aktivitetar og møte mellom folk både ute og inne</li></ul>
Livskvalitet og meistring	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vi vidareutviklar tenester og lokalsamfunn slik at fleire opplever meistring og fellesskap</li><li>• Vi prioriterer tidleg innsats, helsefremmande og førebyggjande arbeid</li><li>• Gjennom samarbeid og samskaping legg vi til rette for brei deltaking, sterke fellesskap og inkluderande lokalsamfunn i heile kommunen</li><li>• Vi skal ha gode bu- og oppvekstmiljø, meir leik og god tilgang til aktivitets- og friluftsområde</li></ul>
Grøn omstilling	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vi gjer det meir attraktivt å gå, sykle, reise kollektivt og køyre utsleppsritt</li><li>• Vi legg til rette for eit kortreist kvardagsliv og tek i vare og utviklar viktige kultur-, natur-, friluftsliv- og landbruksverdiar</li><li>• Vi energieffektiviserer eksisterande bygg, legg til rette for fornybare energiløysingar og legg vekt på låg energibruk og låge klilmagassutslepp ved nye utbyggingar</li><li>• Vi reduserer forbruket, gjer klimavenlege innkjøp og sikrar at avfall gir verdi</li></ul>

## Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune

Planen vart godkjent av kommunestyret 12.8.2021. Kommunedelplanplanen omfattar plankart, føresegner, planomtale, konsekvensutgreiing, ROS-analyse og temakart.

Følgjande hovudtema har fokus i arealdelen:

- Sentrumsutvikling og senterstruktur
- Busetting
- Offentlege og allmenne formål
- Fritidsbusetnad, setrar og naust
- Landbruk og næringsliv
- Transport og kommunikasjon
- Grøntstruktur, friluftsliv og kultur

For dei ulike hovudtema er det utforma rettleiande arealstrategiar. Dei langsiktige strategiane handlar om kva vi skal gjere/prioritere for å nå målsetjingane. Nedanfor er opplista strategiar som er relevante for denne planen.

Tema	Strategi
Sentrumsutvikling og senterstruktur	<ul style="list-style-type: none"><li>• Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelse og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grønne lungar og sikre eit ope sentrum mot fjorden</li></ul>
Busetting	<ul style="list-style-type: none"><li>• Nye bustadfelt skal lokaliseras i tilknytning til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange</li></ul>
Fritidsbusetnad, setrar og naust	<ul style="list-style-type: none"><li>• Lokalisering av naust og fritidsbustader skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser, natur- og friluftslivsområde</li></ul>
Transport og kommunikasjon	<ul style="list-style-type: none"><li>• Legge til rette for reduksjon av klimagassutslepp knytt til transport ved å gjere kollektivtilbod, sykkel og gange meir attraktivt</li><li>• Utvikle eit funksjonelt trafikalt køyremønster med veg, gate og parkeringsstruktur som gjer det lett å orientere seg, er trygt for alle, og inviterer til å gå og sykle i/til sentrumskjernen</li><li>• Sikre gode trafikale forhold i bustadområda og vektlegge gang- og sykkelveggar som sikrar trygg ferdsel for barn og unge</li></ul>



Grøntstruktur, friluftsliv og kultur	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre og utvikle viktige natur- og friluftsområde og legge til rette for tilgang til områda</li> <li>• Sikre og vidareutvikle grønstruktur i Volda sentrum med fokus på Utviklingsplanen og strategien "frå fjord til fjell"</li> </ul>
--------------------------------------	--

### Kommunal planstrategi for Volda kommune 2020-2024

Planstrategien gir ein oversikt over kommunen sine planar og styringsdokument, med ei vurdering og prioritering av kva planarbeid ein bør starte opp eller vidareføre i fireårs-perioden.

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta kommunal planstrategi.

Som nemnt under bakgrunn for planarbeidet, er kommunedelplan for idrett og friluftsliv gitt prioritet i gjeldande planstrategi.

### Kartlegging og verdisetjing av friluftsområde i Volda kommune

Volda kommune har med støtte frå Miljødirektoratet og Møre og Romsdal fylkeskommune gjennomført ei kartlegging og verdisetjing av friluftsområde i kommunen. Det er registrert område som i dag vert nytta i samband med turgåing, bading, skigåing, leik, fising, båt/kajakk, sykling, naturopplevingar m.m.

Kartlegginga og verdisetjinga er eit viktig grunnlagsdokument i arbeidet med å:

- Sikre friluftsområde i høve til dagens behov og for framtida
- Ivareta og utvikle god tilgang på friluftsområde
- Ivareta og utvikle god tilrettelegging for friluftsliv
- Gjennomføre tilretteleggingstiltak for friluftsliv på sikra område
- Skape forutsigbar arealplanlegging

Dokumentet er også grunnlag i samband med søknad om spelemidlar og sikringsmidlar.

### Nasjonal satsing på friluftslivets ferdselsårer

Volda kommune har etter søknad fått tilsegn om tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune til utarbeiding av plan for friluftslivets ferdselsårer. Planen skal identifisere, ta i vare og utvikle ferdselsårer nær der folk bur, for å sikre eit attraktivt kvardagstilbod til innbyggjarane med tanke på folkehelse, livskvalitet, bulyst og reiseliv.

Dokumentet skal mellom anna kunne nyttast som grunnlagsdokument for søknader om tilskot til utvikling av ferdselsårene og for sikring av grunn. Planen er under arbeid og er definer som ein temaplan.

Andre sentrale planar og kunnskapsgrunnlag:

- [Melding frå dei unge \(2015\)](#)
- [Rettleiar for leike- og aktivitetsområde \(2018\)](#)
- [Kartlegging av Kvartalsleikeplassar \(2018\)](#)
- [Barnetrakk \(2017/2018\)](#)
- [Tilstandsrapport Barn og unge \(2022\)](#)
- [Folkehelseoversikt 2020](#)

### 3 PLANPROSESS

#### 3.1 Organisering

Formannskapet skal vere styringsgruppe og planmynde for arbeidet. Dei skal leggje føringar for arbeidet, gjere vegval og vedta planen.

Ei tverrfagleg prosjektgruppe med personar frå plan, kultur, oppvekst, helse og folkehelsekoordinator skal bidra i utarbeiding av planen.

I tillegg vil talspersonar frå ulike ressursgrupper bli involvert i prosessen (Idrettsråd, Barnerepresentant, Ungdomsråd, Eldreråd og råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne, Friluftsföreininga, grendalag).

Planleggar ved Sektor for utvikling skal ha rolla som prosjektleiar.

#### 3.2 Medverknad

I samband med høyring av planprogrammet vil det bli lagt til rette for at lag og foreiningar, enkeltpersonar og andre interessegrupper kan kome med innspel. Det vil bli lagt ut informasjon på kommunen si heimeside, lag og organisasjonar vil få skriftleg invitasjon til å delta, og det vil bli arrangert opne møte.

I forbindelse med utarbeiding av planforslag, vil det bli arrangert arbeidsmøte med prosjektgruppa. I arbeidsmøta vil ein invitere ressurspersonar frå ulike grupper. I perioden med høyring, vil det bli halde møte med ulike lag, organisasjonar og råd. Heimesida vil også bli nytta i samband med høyring.

### 3.3 Framdriftsplan

Tidspunkt	Aktivitet
August 2023	Sak i formannskapet. Oppstart av planarbeid. Vedtak om offentlig ettersyn og høyring av planprogram
August – oktober 2023	Offentleg ettersyn og høyring av planprogram (6 veker)
November 2023	Sak i formannskapet og kommunestyre. Fastsetjing av planprogram
Desember 2023 – mars 2024	Utarbeiding av planforslag
April 2024	Sak til formannskapet. Handsaming av planforslag og utlegging til offentlig ettersyn (6 veker)
Mai – juni 2024	Gjennomgang og vurdering av merknader
Juni 2024	Godkjenning av plan

## 4 FOKUS

Kommunedelplanen er avgrensa til å gjelde for idrett og fysisk aktivitet slik omgrepa blir definert og forstått i «Veileder for kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet (KUP 2014)» og frå Klima- og miljøverndepartementet St.meld.nr. 18 (2015-2016).

Planen er eit viktig verktøy for folkehelsearbeidet i Volda kommune. Med idrett meiner ein aktivitet i form av trening eller konkurranse i den organiserte idretten. Fysisk aktivitet er eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, inkludert friluftsliv og aktivitetar prega av lek. Friluftsliv blir definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft med sikte på miljøforandring og naturoppleving

Undersøkingar blant ungdom har vist at dei mest brukte anlegga for aldersgruppa er skianlegg, idrettshallar, gang- og sykkelvegar, turløyper, fotballanlegg, symjehallar og symjebasseng.

Dei same undersøkingane viser til at ungdom saknar anlegg som legg til rette for uorganisert og eigenorganisert aktivitet eller kor det er låg terskel for deltaking og stort sosialt fokus. Idrett er som oftast godt organisert med faste treningstider. Friluftsliv er gjerne ikkje så organisert, men har stor deltaking og verdi for både når det gjeld folkehelse og reiseliv i kommunen.

I planarbeidet vil ein ha fokus på følgjande:

- Definere hovudmål og delmål. Har kommunen ei klar målsetning for

satsing på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv ?

- Gjennomgang av status for eksisterende anlegg i samarbeid med anleggseigar. Behov for rehabilitering?
- Vurdering av kortsiktige og langsiktige behov for anlegg og aktivitet. Har kommunen ei målsetjing for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv?
- Oversikt over forventede kostnader knytt til drift og vedlikehald av planlagde anlegg
- Handlingsprogram
- Kart som viser lokalisering av eksisterende og planlagde anlegg, område for friluftsliv mm.
- Vurdere behov for nye statleg sikra friluftsområde
- Korleis kommunen kan støtte folkehelseutfordringar i befolkninga gjennom denne planen

Kommunen vil særskilt ha fokus på mangfald, friluftsliv og anlegg som skaper sosiale møteplassar for inkludering og integrering.